

UTE AV DRIFT

15.12.2012



Ein telefonstolpe knakk og skapte problem i Dimmelsvik.

**USKEDALEN.NO HAR DIVERRE VORE UTE AV DRIFT
SIDAN I GÅR KVELD PÅ GUNN AV UVER.**

Det har vore brot på ein fiberkabel ved Dimmelsvik i 14 timer.

– Den sterke vinden i området har rett og slett ført til at ein fiberkabel i ein påle er blitt gnagd av, fortel marknadskonsulent Arne Torget til *HusnesNett* laurdag kveld.

Då hadde kundane vore utan internett og telefon sidan klokka 06.45 i dag tidleg.

Brotet på fiberen i Dimmelsvik blei lokalisert etter eit par timer, men det skulle likevel gå bortimot eit halvt døger før kundane kom på nettet igjen. Heldigvis gjekk ikkje brotet ut over TV-sendingane.

Også reserveløysinga datt ut i dag tidleg, men denne kom opp igjen bortimot klokka 21 i kveld, og det er den som no er i bruk – som ei naudløysing.

Søndag føremiddag vil breibandselskapet sine folk reparera den permanente fiberkabelen, og venteleg vil alt då fungera som normalt.

Arne Torget fortel at KBand har hatt 6 – 7 mann i sving i heile dag, og dei har verkeleg stått på, alle som ein, seier han.

Ifølgje marknadskonsulenten har kundane vore tolmodige og forstått problema KBand har slite med .

Selskapet sende ut om lag 2.300 tekstmeldingar to gonger i

løpet av dagen der dei gav informasjon om det som skjedde.

Mange opplevde også fleire timer uten straum natt til laurdag.
Det var trefall men mannskapa løyste problema fram mot morgonen.
Seinare skjedde det fleire feil på grunn av veret.